



Kvekersamfunnet

The Religious Society of Friends (Quakers) in Norway

Til Vener over heile verda

Kvekersamfunnet i Norge var samla til årsmøte på Agder folkehøgskole i Søgne i sitt 197. år , frå 25. til 28. juni 2015. Vi var i alt 70 deltakarar, av desse 22 barn og ungdom, i tillegg til gjester frå det britiske, danske og svenske Årsmøtet.

Temaet for årsmøtet var «Korleis kan vi vere eit lys for ei berekraftig framtid der vi bur, og saman med andre», og dette blei belyst gjennom ein inspirerande introduksjon av Per Ingvar og Frøydis Haukeland og Rigmor Fløgstad. Årsmøtetemaet blei og utvikla gjennom gruppesamtalar og i plenum, og gjekk som ein raud tråd gjennom aktivitetane i årsmøtet, blant anna med ei stille klimapilegrimsvandring i naturen rundt skolen.

Årsmøtetemaet motiverer oss alle til å bli konkrete i handling, gjennom å delta i lokal aktivitet der vi skaper livskvalitet, glede og fellesskap. Slik kan vi i lag kjempe mot avmakt og skape større resultat enn vi kan klare kvar for oss. Vi er ein del av ein kjærleiksvev som knytter alt levande saman. Denne veven er i ferd med å rivne, og vi er kalte til fornying og heiling. Vi går til oppgåva med glede, vilje og kjærleik.

Barne- og ungdomsgruppa brukte årsmøtetemaet i sine aktivitetar parallelt med årsmøteforretningane. Fem ungdommar som har hatt ei innføring i kvekartradisjonar og -røter fortalde om dette opplegget, som blant anna omfatta ei reise til sentrale kvekarstader i England. Tre av desse fem brukte og andakta søndag til å stadfeste sin medlemskap i årsmøtet. Dette gir gode voner for framtida.

Årsmøtet oppsummerte og sitt treårige arbeid med møte- og medlemsomsorg. Dette blei lagt fram av Julia Ryberg frå EMES/det svenske årsmøtet og Linda Karen Eide frå Bergen. Vi fekk ei påminning om kor nødvendig det er å ivareta og pleie den elden som brenn i oss og mellom oss – slik at alle kan komme til varmen og ingen blir stengt ute.

Kvekerhjelp hadde sitt årsmøte i løpet av årsmøtehelga. Dei har gått gjennom ei viktig omstilling på grunn av forandra vilkår for offentleg støtte. Dei held fram med å stø freds- og forsoningsarbeid i Afrika, førskolar i Gaza, og jobbar med å leggje meir langsiktige planar for framtida.

Desse sitata frå kvekarvenen Martin Nag blir med oss frå dette årsmøtet: «Det indre lyset brenn aldri ned» og «Gi oss i dag vårt daglege mot».

Søgne, 28. dag i 6. månad 2015

Stephen Collett
Årsmøteskrivar

Barneepistel fra det norske årsmøte i Søgne 2015

- Vi har gått i naturen og gjort noen øvelser. Vi vil bli venner med det som finnes i naturen.
- Vi har tegnet økologiske fotavtrykk - et stort og et lite. Vi har snakket om hva som er bra for miljøet og hva som er dårlig for miljøet.
- Vi har lagd handlenett. Det var gøy. Vi lagde handlenett for at vi ikke skal bruke så mange plastposer. Vi solgte handlenettene og ga pengene til kvekerhjelp.
- Det var fint å snakke med Lara og Jon-Magne. De fortalte om krigen i Afrika og hvordan kvekerne driver fredsarbeid. De fortalte også om hvordan de hadde andakt i Afrika. De sang og danset i andaktene, og noen ganger varte andaktene i 3 timer.
- Det var nyttig å lære med om klima og miljø, og hva vi kan gjøre.
- Vi har oppdaget at det finnes mye mer i naturen enn vi visste fra før.
- Vi har vært på interessegruppe og lært om bier. Vi har lagd humlebol og insekthotell. Mange bier, humler og insekter har dødd, og de trenger steder å bo.
- Vi har lekt med tvillingene Ivan og Hugo.
- Ulrich har vært på interessegruppe og lært om kommunikasjon og hvordan vi kan forstå hverandre bedre.
- Det var gøy å leke flaggleken, og det var fint at så mange ville være med.
- Vi har bada. Det var deilig vann. Bendik plukket en vannlilje.
- Vi har brodert på bilde til kvekerhjelp.
- Vi har gjort yoga sammen med Helene. Vi brukte pusten mye.
- Vi har hatt guidet meditasjon. Det var avslappende.
- Det var gøy å være ute og spille fotball.
- Det var gøy nå det ble tatt bilde av oss.
- Vi har gått en stille vandring. Det føltes som en lang tur, men var egentlig ganske kort. Odd synes vi så ut som et langt tusenbein. Når vi gikk tenkte vi på skaperverket og at vil ta vare på skaperverket.
- Det har vært veldig gøy å være i gymsalen.
- Tonje har fortalt oss om Gaza, og om barnehagene som kvekerhjelp driver.
- Vi har hatt underholdning, der vi har hørt sanger, dikt og morsomme historier.
- Det var morsomt og interessant å se bilder fra ungdommenes tur i England.
- Det har vært veldig fint å være i barnegruppa. Vi har hatt det gøy og morsomt sammen!

Hilsen Linus Mathias, Emma, Ellen, Ella, Bendik, Thomas Aleksander, Olivia, Ingvild, Saskia, Maria og Ulrich

+ barnekomiteen Judy, Odd, Marit Z, Frøydis og Tonje